


Megårdsmælen

Namn på plassen	Megårdsmælen. Megårdsgjerdet
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM32 7013715N 539999Ø
Høgde moh	15
Tilstand	Det står moderne hus der
Plass under	Megarden
Gnr. Bnr.	19/5
Tidsperiode	1645-50, 1762-1933
1645-50	Jonn
1762-1783	Elling Eriksen
1783-1804	Erik Ellingsen
1810-?	Tørger Erichsen
1833-1849	John Johnsen
1849-ca. 1870	Ingebrigt Olsen
Ca. 1870-1912	John Sivertsen
1912-1957	Dorteia Johnsdtr
1957-1978	Sivert Olsen
Omtale:	Gardtales i Orkdal side 345



Flyfoto 1964



Det var to husmannsplassar på Megarden tidleg på 1600-tallet. Det må være lov å forutsette at den eine var Megardsmælen og at den andre var Megardslykkja.

Jonn var humann i 1645, Han var gift og hadde to døtre over 14 år, Maret og Beret. Det er opplysninger om Jonn i skattelistene 1645-50.

I 1762 var Elling Eriksen husmann på Megardsmælen. Han var gift med Brønild Jonsdtr, og dei hadde to døtre over 14 år boende heime, Gunil og Randi. Vi kjenner til seks barn: Gunil død i 1780, Eric født 1742, Randi født 1746, ein sønn som døydde i 1758, ein sønn som døydde i 1765, Kari som døydde i 1772.

Elling døydde i 1783 og Brønild i 1785.

Sønnen Eric overtok etter Elling. I 1801 var han gift med Gjertru Olsdtr født 1749. Dei hadde fem barn: Martha født 1775, Beret født 1783, Brynil født 1786, Marit født 1790, og Berit født 1792 og død i 1793.

Eric døydde i 1804, og Gjertru i 1822.

Dattera Berit Ericsdtr født 1783, vart i 1810 gift med Tørger Ericson. Dei overtok plassen etter faren hennes. Dei fekk dattera Ane i 1810 og Erich i 1812. Dei ser ut til å ha flytta frå bygda.

I 1833 bodde det ein inderst på Megardsmælen, John Johnsen som var gift med Berit Olsdtr. Dei fekk sonen Johan i 1833, og dei bodde her enda da han vart konfirmert i 1848.

I 1838 hadde Ole Fredrichsen og kona Martha Erichsdtr hit frå naborommet Kapteinstuen eller Megardsmoen. Martha døydde i 1840. I 1842 gifte Ole seg opp att med enka Kirsti Olsdtr fra Havnen i Gudbrandsdalen. Ole døydde i 1848, og Kirsti i 1862.

Dei neste husmannsfolka vi kjenner til er Ingebrigt Olsen født 1823 og Siri Olsdtr født 1825. Siri bodde på Megårdsmælen da dei vart gift, utan at ein finn kva for rolle ho hadde der. Dei vart gift i 1849, og var husmenn på Megardsmælen da sønnen Ole vart fødd i 1852. Dei fikk også barna Arnt i 1857 og Martin Christian i 1860. Martin Christian døydde i 1861, mens resten av familien bodde på Megardsmælen ved folketellinga i 1865.

I 1875 var Ingebrigt og Siri husmenn på Blåsmobakken, ein naboplass. Sønnen Arnt var tjenestegut på Eggen.

Husmannsfolk på Megardsmælen i 1875 var skomaker John Sivertsen født 1825 og Karen Estensdtr født 1833 i Oppdal. Dei budde sammen med barna Edvard født 1860, Karen født 1863, Martin født 1866, og Dorthea født 1872. I folketellinga 1865 bodde dei på Megarden der John står oppført som loddebruker. Da bodde også sønnen Sivert hos dei, født 1857. I 1875 var han tjenestedreng på Ljåmo.

Sivert fekk i 1881 sønnen Annar med Gunhild Martinusdtr. Sivert reiste til Amerika på ukjent tidspunkt, mens Annar reiste i 1900. Gunhild Martinusdtr Haffelhaug født 1859 reiste til Amerika i 1893, mor til Annar.

John Sivertsen reiste til Amerika rundt 1870, men returnerte i 1875. Tre av borna reiste til Amerika: Edvard i 1883, Karen i 1880, og Martin i 1887.

Ved folketellinga i 1900 bodde John og Karen på Megardsmælen sammen med dottera Dorthea. John er oppført som bygselsmann og selveier. Han var husmann på Megardsmælen, men hadde kjøpt ein eiendom på Linegga av Engan.

Karen døydde i 1909 og Jon i 1912.

Etter at foreldra var døde fekk Dorthea kjøpe Megardsmælen på ca. 10 mål jord. Ho vende seg til eigaren for å kjøpe, stortingsmann Wolden på Megarden. Ho spurde kva han meinte at han skulle ha for eiendommen. «Eg må vel ha 1 500 kroner» svarte han. Dette hørte kona Marta på kjøkkenet og vinka mannen ut dit. Da han kom inn att sa han at Marta tykte dette var for dyrt. 100 kr. fekk være nok, og slik vart det.

Dorthea var ugift, men ho var trulova ned Ole Solligård frå Ørkedalsøren. Han var i Belgia og satte opp stall til kong Leopold for Thamsbruket. Straks heimkommen døydde han, og Dorthea fekk sonen Sivert i 1902. Sivert overtok Megardsmælen i 1957.

Dorthea var godt kjent og godt kjent og godt likt i heile bygda. Når noko stod på, enten det var brudlaup, gravferd, barnedåp, dugnader og andre sammenkomer og lag, var det sjølsagt at det måtte sendast bod på Dorthea Mæla. – ho var sjølskriven til å ta seg av alt. Ho var slik at det ikkje var råd for å bli uvenner med ho.

Dorthea døydde i 1961.

	Gardsnavn	Tittel/sivilstand	Fornavn	Farsnavn	Kjønn	Type	Skatt i sk
--	-----------	-------------------	---------	----------	-------	------	------------

1645	Megarden	Oppsitter	Erich		M	Fullgard	8
1645	Megarden	Hustrue			K	Fullgard	8
1645	Megarden	Tieneste dreng	Hendrich		M	Fullgard	8
1645	Megarden	Tieneste pige	Karenn		K	Fullgard	8
1645	Megarden	Husmann	Jonn		M	Husmann	8
1645	Megarden	Hustrue			K	Husmann	8
1645	Megarden	Datter	Maret	Jonsdtr	K	Husmann	8
1645	Megarden	Datter	Beret	Jonsdtr	K	Husmann	8

Skattematrikkel 1762

Type	FamStatus	Førenavn	Farsnavn	Gardsnavn	Kjønn
Husmenn og inderster	Mann	Elling	Eriksen		M
Husmenn og inderster	Kone	Brønild	Joensdtr		K
Husmenn og inderster	Datter	Gunil	Ellingsdtr*		K
Husmenn og inderster	Datter	Randi	Ellingsdtr*		K

Folketelling 1801

Fornamn	Farsnavn	Fam.status	Alder	Yrke	Kjønn
Eric	Ellingsen	Husfader	59	Husmand	M
Giertrue	Oldstr	Hans kone	52		K
Beret	Ericsdtr	Deres barn	18		K
Brynil	Ericsdtr	Deres barn	15		K
Marit	Ericsdtr	Deres barn	11		K

Folketelling 1865

Gard	Fornavn	Etternavn	Famstatus	Yrke	Siv.st.	Alder	Kjønn	Fødested
Mælen	Ingebrigt	Ols.	Husfader	Husmd med Jord	g	42	m	Ørkedalen
Mælen	Siri	Johnsd.	hans Kone		g	40	k	Ørkedalen
Mælen	Ole	Ingebrigts.	deres Søn		ug	12	m	Ørkedalen
Mælen	Arnt	Ingebrigts.	deres Søn		ug	8	m	Ørkedalen

Folketelling 1875

Gård	Fornavn	Etternavn	Alder	Sivilstand	Yrke	Kjønn	Fødested	Fødselsår
Megaardsmælen	John	Siverts.	50	g	Skomager	M	Ørked. Pr.	1825
Megaardsmælen	Karen	Estensd.	42	g	Husmandskone med Jord	K	Opdals Pr.	1833
Megaardsmælen	Edvard	Johns.	15	ug	Hjælper Moderen	M	Ørked. Pr.	1860
Megaardsmælen	Martin	Johns.	9	ug		M	Ørked. Pr.	1866
Megaardsmælen	Karen	Johnsd.	12	ug		K	Ørked. Pr.	1863
Megaardsmælen	Dorteia	Johnsd.	3	ug		K	Ørked. Pr.	1872

Folketelling 1900

FT 1900	Gård	Fornavn	Etternavn	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjønn	Fødselsår
FT 1900	Megaardsmæl	John	Sivertsen	75	g	Bygselmand og selveier	M	1825
FT 1900	Megaardsmæl	Karen	Estensd	67	g	Gaardmandskone	K	1833
FT 1900	Megaardsmæl	Dortea	Johnsd	28	ug	Væsentlig husgjernig i hjemmet	K	1872